



**Hordaland Fylkeskommune - Samferdselsavdelinga /
Transportplanseksjonen
Agnes Mowinkelsgate 5
Postboks 7900
5020 BERGEN**

Vår ref. 16/397- 12
Jp.id. 17/10140

Saksh. Solfrid Borge
Tlf. 53671507

Arkiv
N - 101

Dato
10.11.2017

Innspel til høyringsfråsegn frå fylkeskommunen til handlingsprogrammet 2018-2023 til Nasjonal transportplan. (NTP)frå Ullensvang herad.

Stortingsmelding om Nasjonal transportplan 2018-2029 vart handsama i Stortinget 19. juni 2017. På grunnlag av dette har dei statlege transportetatane utarbeida framlegg til handlingsprogram for perioden 2018-23, som grunnlag for fordelinga av midlar i dei årlege statsbudsjetta. Desse er no sendt på høyring til m.a. fylkeskommunane.

Fylkeskommunen skal handsame høyringsfråsegn til handlingsprogramma på fylkestinget i desember 2017.

Der de ber om eventuelle innspel til fylkeskommunen si høyringsfråsegn innan **torsdag 10. november**.

Handlingsprogrammet omhandlar m.a. Statens vegvesen sin innsats innanfor forvaltning, trafikantar og køyretøy, drift, vedlikehald, planlegging og bygging av veg i 2018-2023. Oversikt over alle investeringstiltak som Statens vegvesen skal gjennomføra i perioden, altså dette er eit stort og omfattande handlingsprogram som involverar dei aller fleste.

Ullensvang herad vil setja fokus på investering på rigsvegnettet, og manglande oppfølging av godkkjende reguleringsplanar. Gong etter gong opplever me at godekjende planar ikkje vert fylgt opp med midlar. Når midlane kjem er reguleringsplanane forelda og må reviderast på nytt, i verste fall må det lagast ny reguleringsplan.

RV13 Jøsendal til Bu

RV13 frå Jøsendal til Bu er spesielt viktig for Ullensvang no i samband med kommunesamanslåinga med Odda og Jondal.

Det ligg føre ein godkjend reguleringsplanen for strekka Kinsarvik-Kyrkjenes, godkjend i 2016.

Det ligg inne i framlegget til NTP for neste planperiode oppstartsmidlar (1,7mill) til Kinsarvik-Kyrkjenes på RV13 i 2021 og resten finansiert i 2022-23. Ullensvang er sers skuffa over at det ikkje er løyvd midlar til denne strekkja før i 2021/22/23. Då er reguleringsplanen alt 6 år gammal og må sikkert reviderast på nytt. Me vart lova oppstart i 2018.

RV13 har og har hatt ein stor trafikkauke, då spesielt sommarsesongen. På strekkja mellom Kinsarvik og Bu er det mange flaskehalsar, der det har og oppstår fårlege trafikksituasjonar dagleg. Sommarsesongen i år sette Statens vegvesen opp ljøsregulering på strekkja Kyrkjenes –Berget som ei prøveordning. Ei ordning som var med å avverga fårlege trafikksituasjonar i

sommar. Dette er ei ordning som me forventar vert vidareført i 2018. Rv 13 mellom Kinsarvik og Bu må få høgare prioritet, og Ullensvang herad forventar at Hordaland fylkeskommune i sine innspel til handlingsprogrammet, er med å lyfte denne vegstrekka fram. Midlane må framsundast til 2018/19.

Ser fram til positive innspel for Rv 13 mellom Kinsarvik og Bu frå Hordaland fylkesting.

Med helsing
Ullensvang herad

Solfrid Borge
ordfører

Kopi til arkiv og kopibok
Kopi til:
Helga Helleland
Magnus Steigedal

Kommunalsjef Teknisk
Rådmann